

NOTAT

BOLIG OG EIENDOM AS OG ROMARHEIM AS. LINDÅS. ALVERFLATEN BOLIGFELT OG NÆRINGSOMRÅDE. GNR. 137 BNR. 23, 144, 469 M.FL. MERKNADER TIL NABOVARSEL.

95 naboar til tiltaket på gnr/bnr. 196/4 vart varsla den 26. mars 2019.
Ved fristens utløp var det motteke 3 merknadar.

KOMMENTAR TIL MERKNAD

Håkon Remme, gnr. 137 bnr. 197, vedlegg C-4:

Merknad:

1. Vil at vegen f_KV5 opp til Alvervegen 14 skal vere som i dag, i staden for avkøyring frå veg f_KV4 og ein kurvatur som vist i reguleringsplanen.

Vurdering:

1. Ny veg er revidert til å liggje over dagens avkøyring slik som eigar av gbnr. 137/197 ynskjer. Den har derimot fått ein annan utforming i vertikalplanet og kjem til å vere felles for Alvervegen 14 og brukarane av vegen f_KV4. Ein annan utforming i vertikalplanet vil seie at den er prosjektert i høve til krav for avkøyring i handbok N100. Ein konsekvens av dette er at ein kjem lenger ned i terrenget like ved avkøyninga, og for å nå igjen dagens veg f_KV5 blir stigninga brattare enn det den er i dag.

Frode Sigbjørn Aakvaag, gnr. 137 bnr. 145, vedlegg C-5:

Merknad:

2. Kan ikke se at fortau plassert på gnr. 137/ bnr. 145 er nødvendig, og vil ha dette bort.

Vurdering:

2. Fortau er prosjektert i samsvar med reguleringsplan. Det er også greitt for mjuke trafikantar som kjem gåande frå veg f_SKV6 å sleppe å måtte gå rett ut i vegen.

Statens vegvesen, vedlegg C-6:


Merknad:

3. Gjer generelt merksam på at tiltaket kan utløyse krav om dispensasjon frå byggjegrensa langs veg for oppføring av bygg og tekniske innretningar, jf. Veglova § 30. Dersom tiltaket medfører arbeid på eller langs fylkesveg, eller til dømes tilkopling mellom fortau, skal Statens vegvesen kontaktast.

Vurdering:

3. Mogleg utløyning av krav om dispensasjon frå byggjegrænse tas til etterretning. Veg o_KV1 startar i kryss ved veg F565 Alverflaten, og det skal dermed gjerast arbeid langs vegen. Dette er kommentert i brev av 16.05.2018 «Merknad til offentleg ettersyn av reguleringsplan – Alver næringsområde sør – PlanID 1263-201601». Her er det konkludert med at krysset vil tole den venta trafikkauka som følgje av full utbygging i heile Alver næringsområde.

Med venleg helsing



Halvor Fretland